



Nærings- og Fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo

Vår referanse
22/1 22/8642

Dykker referanse

Sakshandsamar
Kåre Kvangarsnes

Dato
25.10.2022

Høyringssvar ny minerallov

Kommunestyret har i møte 24.10.2022, sak 102/22, fatta følgjande vedtak:

Vanylven kommune kjem med slikt høyringssvar til NOU 22:8 Ny minerallov:

1. Vanylven kommune er positive til at krav om berekraft og samfunnsmessig best mogleg forvaltning av mineralressursane vert tydelegare i føremålet med lova.
2. Vanylven kommune støttar ikkje utvalet sitt forslag om å innføre eit nytt krav i plan- og bygningslova om utvida opning for bruk av statleg plan i mineralsaker, då ein ser at vilkåra i gjeldande plan- og bygningslov § 6-4 er dekkande. Vidare er kommunen negativ til utvalet sitt forslag om å gje Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kompetanse til å fatte vedtak om dispensasjon frå kommunale planar i samband med vedtak om undersøkingsløyve. Begge desse forslaga vil føre til svekking av det kommunale sjølvstyret og dermed vere eit inngrep i ansvarsfordelinga mellom kommunale og nasjonale mynde i saker om arealutnytting.
3. Vanylven kommune støttar utvalet sitt justerte forslag om innføring av ei rekkefølgjeavgjerd for planavklaring før DMF kan gje driftsløyve etter minerallova.
4. Vanylven kommune støttar forslaget om samordning i behandlinga av søknader om mineralverksemeld mellom ulike mynde, og vil understreke viktigeita av communal involvering for å avgrense arealkonflikter og sikre lokal aksept for ny mineralutvinning.
5. Vanylven kommune støttar forslaget om involvering av kommunane før og etter det vert gitt undersøkingsløyve, men meinar dette må gjerast tydelegare i lovteksten.
6. Vanylven kommune meinar det bør innarbeidast ein rett for kommunane til kostnadsdekning til naudsynt juridisk og anna sakkyndig hjelp, slik det er for vasskraftutbyggingar etter vassdragsreguleringslova § 13.
7. Vanylven kommune er opptekne av at verdiskaping skal løne seg for dei kommunane der naturressursane vert utvunne. Ut frå berekraftsprinsipp bør råstoffbehandling, utvinning og vidareforedling leggast til rette der utvinning skjer. Vi meinar vertskommunar for mineralverksemeld må sikrast lovfesta rett til verdiandel og kompensasjon, slik det er for andre naturressursbaserte næringer som vasskraft, vindkraft og havbruk. Dette bør særleg gjelde mineralar som etter minerallova er definert som staten sine mineralar.
8. Vanylven kommune ber departementet vurdere om det bør innarbeidast ein heimel for revidering av tidlegare gitte tidsuavgrensa mineralutvinningskonsesjonar etter gamalt lovverk, slik det er for vasskraftutbyggingar etter vassdragsreguleringslova § 8.

9. Vanylven kommune ber departementet vurdere om det bør innførast eigarskapsreglar og tidsavgrensa konsesjonar for strategisk viktige mineralar, både i ein marknads- og sikkerheitspolitisk perspektiv.

10. Vanylven kommune støttar utvalet sitt forslag om at plikta og ansvaret til opprydding og tilbakeføring etter mineralverksemd må presiserast, men meinar tiltakshavar sitt ansvar bør utvidast til også å gjelde gamal forureining. Fritak for varig sikring mot fare som har oppstått frå tidlegare aktivitetar innanfor området der tiltakshavar har hatt utvinning eller har hatt driftsløyve, bør berre kome på tale der det vil bli helt urimeleg tyngande å foreta slik sikring.

Med helsing

Marte Saure
stabsleiar

Kåre Kvangersnes
politisk sekretær

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

| Mottakar | | | |
|-------------------------------------|---|------|------|
| Nærings- og Fiskeridepartementet | Postboks 8090 Dep | 0032 | Oslo |
| Utmarksommunenes Sammenslutning | c/o Advokatfirmaet Lund & Co DA Akersgata 30 | 0158 | Oslo |

Kopi til
Lena Landsverk Sande



Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 125/22 | Formannskapet | 18.10.2022 |
| 102/22 | Kommunestyre | 24.10.2022 |

Høyringssvar ny minerallov

Regeringa har lagt fram forslag til ny minerallov, der kommunane får mindre mynde i reguleringsarbeidet. Vanylven kommune kan gjennom sin interesseorganisasjon Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) gi innspel til forslaget om ny minerallov.

Kommunestyre 24.10.2022

Behandling:

Lita endring, foreslått av Bjarne Sætrenes, Framstegspartiet
Endre siste ordet i første setning i tillegget frå nytta til utvunne.

Tillegg til Bjarne Sætrenes sitt forslag i sak: 102/22, foreslått av Lena Landsverk Sande , Venstre

1. Vanylven kommune er positive til at krav om berekraft og samfunnsmessig best mogleg forvaltning av mineralressursane vert tydelegare i føremålet med lova.
2. Vanylven kommune støttar ikkje utvalet sitt forslag om å innføre eit nytt krav i plan- og bygningslova om utvida opning for bruk av statleg plan i mineralsaker, då ein ser at vilkåra i gjeldande plan- og bygningslov § 6-4 er dekkande. Vidare er kommunen negativ til utvalet sitt forslag om å gje Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kompetanse til å fatte vedtak om dispensasjon frå kommunale planar i samband med vedtak om undersøkingsløyve. Begge desse forslaga vil føre til svekking av det kommunale sjølvstyret og dermed vere eit inngrep i ansvarsfordelinga mellom kommunale og nasjonale mynde i saker om arealutnytting.
3. Vanylven kommune støttar utvalet sitt justerte forslag om innføring av ei rekkefølgjeavgjerd for planavklaring før DMF kan gje driftsløyve etter minerallova.
4. Vanylven kommune støttar forslaget om samordning i behandlinga av søknader om mineralverksemeld mellom ulike mynde, og vil understreke viktigeita av kommunal involvering for å avgrense arealkonflikter og sikre lokal aksept for ny mineralutvinning.
5. Vanylven kommune støttar forslaget om involvering av kommunane før og etter det vert gitt undersøkingsløyve, men meinar dette må gjerast tydelegare i lovteksten.
6. Vanylven kommune meinar det bør innarbeidast ein rett for kommunane til kostnadsdekning til naudsynt juridisk og anna sakkyndig hjelp, slik det er for vasskraftutbyggingar etter vassdragsreguleringslova § 13.
7. Vanylven kommune meinar vertskommunar for mineralverksemeld må sikrast lovfesta rett til

verdiandel og kompensasjon, slik det er for andre naturressursbaserte næringer som vasskraft, vindkraft og havbruk. Dette bør særleg gjelde mineralar som etter minerallova er definert som staten sine mineralar.

8. Vanylven kommune ber departementet vurdere om det bør innarbeidast ein heimel for revidering av tidlegare gitte tidsuavgrensa mineralutvinningskonsesjonar etter gamalt lovverk, slik det er for vasskraftutbyggingar etter vassdragsreguleringslova § 8.

9. Vanylven kommune ber departementet vurdere om det bør innførast eigarskapsreglar og tidsavgrensa konsesjonar for strategisk viktige mineralar, både i ein marknads- og sikkerheitspolitisk perspektiv.

10. Vanylven kommune støttar utvalet sitt forslag om at plikta og ansvaret til opprydding og tilbakeføring etter mineralverksemål må presiserast, men meinar tiltakshavar sitt ansvar bør utvidast til også å gjelde gammal forureining. Fritak for varig sikring mot fare som har oppstått frå tidlegare aktivitetar innanfor området der tiltakshavar har hatt utvinning eller har hatt driftsløyve, bør berre kome på tale der det vil bli helt urimeleg tyngande å foreta slik sikring.

Samrøystes vedtak vart fatta.

KO - 102/22 Vedtak

Vanylven kommune kjem med slikt høyringssvar til NOU 22:8 Ny minerallov:

1. Vanylven kommune er positive til at krav om berekraft og samfunnsmessig best mogleg forvaltning av mineralressursane vert tydelegare i føremålet med lova.

2. Vanylven kommune støttar ikkje utvalet sitt forslag om å innføre eit nytt krav i plan- og bygningslova om utvida opning for bruk av statleg plan i mineralsaker, då ein ser at vilkåra i gjeldande plan- og bygningslov § 6-4 er dekkande. Vidare er kommunen negativ til utvalet sitt forslag om å gje Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kompetanse til å fatte vedtak om dispensasjon frå kommunale planar i samband med vedtak om undersøkingsløyve.

Begge desse forslaga vil føre til svekking av det kommunale sjølvstyret og dermed vere eit inngrep i ansvarsfordelinga mellom kommunale og nasjonale mynde i saker om arealutnytting.

3. Vanylven kommune støttar utvalet sitt justerte forslag om innføring av ei rekkefølgjeavgjerd for planavklaring før DMF kan gje driftsløyve etter minerallova.

4. Vanylven kommune støttar forslaget om samordning i behandlinga av søknader om mineralverksemål mellom ulike mynde, og vil understreke viktigheita av kommunal involvering for å avgrense arealkonflikter og sikre lokal aksept for ny mineralutvinning.

5. Vanylven kommune støttar forslaget om involvering av kommunane før og etter det vert gitt undersøkingsløyve, men meinar dette må gjerast tydelegare i lovteksten.

6. Vanylven kommune meinar det bør innarbeidast ein rett for kommunane til kostnadsdekning til naudsynt juridisk og anna sakkyndig hjelp, slik det er for vasskraftutbyggingar etter vassdragsreguleringslova § 13.

7. Vanylven kommune er opptekne av at verdiskaping skal løne seg for dei kommunane der naturressursane vert utvunne. Ut frå berekraftsprinsipp bør råstoffbehandling, utvinning og vidareforedling leggast til rette der utvinning skjer. Vi meinar vertskommunar for mineralverksemål må sikrast lovfesta rett til verdiandel og kompensasjon, slik det er for andre naturressursbaserte næringer som vasskraft, vindkraft og havbruk. Dette bør særleg gjelde mineralar som etter minerallova er definert som staten sine mineralar.

8. Vanylven kommune ber departementet vurdere om det bør innarbeidast ein heimel for revidering av tidlegare gitte tidsuavgrensa mineralutvinningskonsesjonar etter gamalt lovverk, slik det er for vasskraftutbyggingar etter vassdragsreguleringslova § 8.

9. Vanylven kommune ber departementet vurdere om det bør innførast eigarskapsreglar og tidsavgrensa konsesjonar for strategisk viktige mineralar, både i ein marknads- og sikkerheitspolitisk perspektiv.

10. Vanylven kommune støttar utvalet sitt forslag om at plikta og ansvaret til opprydding og tilbakeføring etter mineralverksemål må presiserast, men meinar tiltakshavar sitt ansvar bør

utvidast til også å gjelde gamal forureining. Fritak for varig sikring mot fare som har oppstått fra tidlegare aktivitetar innanfor området der tiltakshavar har hatt utvinning eller har hatt driftsløyve, bør berre kome på tale der det vil bli helt urimeleg tyngande å foreta slik sikring.

Formannskapet 18.10.2022

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Bjarne Sætrenes:

Vanylven kommune er opptekne av at verdiskaping skal løne seg for dei kommunane der naturressursane vert nytta. Ut frå berekraftsprinsipp bør råstoffbehandling, utvinning og vidareforedling leggast til rette der utvinning skjer.

Tilrådinga frå kommunedirektøren pluss framlegget frå Bjarne Sætrenes vart samrøystes tilrådd.

FO - 125/22 Vedtak

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune støtter Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) sine merknadar til lovutkastet med slkt tillegg:

Vanylven kommune er opptekne av at verdiskaping skal løne seg for dei kommunane der naturressursane vert nytta. Ut frå berekraftsprinsipp bør råstoffbehandling, utvinning og vidareforedling leggast til rette der utvinning skjer.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune støtter Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) sine merknadar til lovutkastet.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 18.10.2022 - 125/22

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune støtter Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) sine merknadar til lovutkastet med slkt tillegg:

Vanylven kommune er opptekne av at verdiskaping skal løne seg for dei kommunane der naturressursane vert nytta. Ut frå berekraftsprinsipp bør råstoffbehandling, utvinning og vidareforedling leggast til rette der utvinning skjer.

Vedlegg:

Høyringssvar fra USS - NOU: 8 Ny minerallov
USS | Utkast til høringsuttalelse – NOU 2022:8 Ny minerallov

Andre relevante dokument:

Naturressurskommunene | Utkast til høringsuttalelse – NOU 2022:8 Ny minerallov

Saksopplysningar:

Det er lagt fram utkast til ny minerallov og Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) skal levere høyringsuttalelse til denne saka, og ber medlemskommunane om innspel til saka.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren viser til uttale frå USS, og spesielt knytt til at kommunane skal få mindre ansvar som planmynde. Dett er noko som USS også er kritisk til - det siterast frå USS sin overordna uttale til saka:

"Selv om USS kan slutte seg til mange av forslagene i utvalgets innstilling, er USS likevel skuffet over flere av utvalgets forslag og konklusjoner. Det gjelder særlig utvalgets forslag om at kommunene på enkelte stadier bør fratas planmyndigheten de har i dag. Kommunene er i arealsaker generelt den primære arealforvalter. USS deler utvalgets syn på at Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) er konsesjonsmyndighet, men det bør ikke føre til at man svekker den rollen kommunene har som planmyndighet i arealsaker i dag. Tvert imot ser USS og Mineralkommunene det som avgjørende å sikre bedre lokal forankring gjennom å styrke kommunenes rolle i saker om mineralutvinning. Basert på erfaringene fra blant annet vindkraft vil USS fraråde at departementet følger utvalgets forslag på de punkter som svekker kommunenes planmyndighet.

Utvalget har fått uttrykkelig beskjed om ikke å foreslå andre skatter og avgifter enn de som er spesifikt nevnt i mandatet. - Det er USS syn at departementet i det videre arbeidet må sørge for at de berørte lokalsamfunn (kommunene) får en andel av den verdiskapingen mineralnæringen gir opphav til. USS mener det bør etableres et skatte og avgiftsregime for mineraler etter en modell fra vind- og vannkraftsektoren, hvor en andel av grunnrenten blir liggende igjen lokalt."

Kommunedirektøren viser til uttale som er gitt av USS og som er vedlegg til saka.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende

Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende

Miljøkonsekvensar: ingen kjende

Økonomiske konsekvensar: ingen kjende

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende

Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør